

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES


Dato 03.02.2023  
Vår referanse 2023/1461-5  
Dykker referanse  
Sakshandsamar Trond Olav Wahl  
E-post Trond.Olav.Wahl@vlfk.no  
Telefon 40916223

## **Blom Fiskeoppdrett AS - Søknad om flytting og endring av anleggskonfigurasjonen på lokalitet Vikane i Masfjorden kommune**

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad fra Blom Fiskeoppdrett AS om flytting og endra anleggskonfigurasjon på lokalitet Vikane i Masfjorden kommune.

Søknaden gjeld flytting av akvakulturanlegget på lokalitet Vikane til ny plassering som er sett av i arealdelen av kommuneplanen til Masfjorden kommune. Anlegget vert også utvida til totalt 8 ringar på lokaliteten og anlegget vert dreia 90 grader i forhold til dagens anlegg.

Overflateanlegg med merdar og forflåte ligg innanfor område avsett i akvakultur i arealdelen av Masfjorden kommune sin kommuneplan.



Figur til venstre syner gammal plassering med fortøyninga og figur til høgre syner ny plassering.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutregningar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskriftena. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregningar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriftena. Søknaden inneheld straummåling og det er bestilt forundersøking. Denne vertettersendt når den er ferdig.

Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstilande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4

veker etter utlysning.

Vestland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søker, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

**Trond Olav Wahl**  
seniorrådgjevar  
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*